

Referat styremøte HSG 15. februar 2013

Stad: Thon Hotel Sanden, Norheimsund

Til stade: Nils Inge Hitland, Reidar Kallestad, Steinar Steine, Egil Øvstebø og Anita Jordalen.

Forfall: Olav Håvardsholm

Martin G. Haugland -møteleiar i årsmøte og Mons Kjetil Vevle leiar i valnemnda møtte til sak 18/13.

Sak 09 – 13: Godkjenning av innkalling og referat 14.01.13

Vedtak: Referat og innkalling godkjent.

Referent: Karluf Håkull.

Sak 10 – 13: Orienteringsaker

- Saueprosjektet "Ny Giv" v/Reidar Kallestad
- Årsmelding 2012 v/Nils Inge Hitland
- Sauekurs for nye sauebønder v/ Reidar Kallestad
- Jordbruksforhandlingar 2013 med faglaga v/Reidar Kallestad

Vedtak: 3 avholdte møter i prosjektet, 170 personar har møtt. Gode tilbakemeldingar. 2 møter er att. Det er reist spørsmål om det er områder i Hordaland ein ikkje har dekkja. Dette ser ein på i etterkant. Skulle det vera behov prøver ein å få til møter i etterkant.

Nils Inge gjekk gjennom årsmeldinga med følgjande kommentar: Det er arbeid i fylkeslaget som er gjennomført, som ikkje er teken med i årsmeldinga.

Når det gjelder rekneskapan for 2012 er det eit overskot på kr. 56.464,-

Saueturset: Reidar arbeider med program, men det er forfall frå 2 av dei som skulle halda innlegg. Det arbeidast nå med alternative.

Til Innspel til jordbruksforhandlingane 2013 har Reidar deltatt i fellesmøte med fagлага i Hordaland der han har vidareformida HSG sin politikk.

Sak 11 – 13: Godkjenna samanslåing av Åsane Sau og Geit og Fana, Os og Arna Sau og Geit

Vedtak: Styret i Hordaland Sau og Geit har ingen innvendingar til samanslåinga.

Sak 12 – 13: Apotekavtale v/K. Håkull

Vedtak: Karluf orienterte om apotekavtalen som RSG i dag har med Apotek1 kjeda i Rogaland. Styret i HSG skal kontakta aktuelle apotekkjedar i Hordaland for og sjå om HSG kan få til tilsvarende avtale for sine medlemmer.

Sak 13 – 13: Invitasjon til årsmøte i Rogaland Sau og Geit og Sogn og Fjordande Sau og Geit.

Vedtak: Då begge desse fylkeslaga har årsmøte på same tid som HSG er det ikkje anledning og delta på deira årsmøte.

Sak 14 – 13: Invitasjon til årsmøte i Hordaland bonde- og småbrukarlag

Vedtak: HSG takka for invitasjonen, men har ingen som kan delta.

Sak 15 – 13: Årsmøte i Hordaland Bondelag

Vedtak: HSG takkar for invitasjonen. Steinar Steine som skal delta som utsending for sitt lokale bondelag vil også representera HSG under møte.

Sak 16– 13: Handlingsplan 2013

Vedtak: Styret gjekk gjennom handlingsplan for 2013 og legger den fram for årsmøte. Handlingsplanen blir lagt ut på heimesida til HSG.

Sak 17 – 13: Budsjett for HSG 2013

Vedtak: Styret har laga budsjett for HSG i 2013. Budsjett 2013 blir lagt fram for årsmøte for godkjenning.

Sak 18 – 13: Årsmøte HSG 2013

Vedtak: Martin G. Haugland møteleiar i årsmøte og Mons Kjetil Vevle leiar i valnemnda deltok under behandling av denne saka. Her hadde ein gjennomgang av sakslista til årsmøte.

Ymse:

Vedtak: Ingen saker.

Wib Inge Stiltand, Anida Jordalen
Shau Skare Eivind Røhli
H. Fjærland

